



DEN NORSKE KYRKJA

Stedje Sokneråd

Sogndal 29.09.2020

Protokoll - møte i Stedje sokneråd tysdag 29.09.2020, kl 19.30 på Kyrkjekontoret

Desse møtte: Mikael Bruun, Per Hilleren, Bente Karin Vathestad, Berit Amundsen, Eldbjørg Reppen Ølnes, Helge Torstad, Bjørn Skjeldestad og Kari Torhild Kvåle.

Oddbjørg Uglum møtte i staden for Hans Magne Kvåle som hadde meldt forfall

Opningsord v/Mikael Bruun

Godkjenning av innkalling og sakliste.

- Torstad meldte at det var komme eit skriv frå kyrkjekontoret om søknad om coronastøtte hos Sparebanken Vest. Saka vart ført opp på saklista som sak 24/20
- Rekkjefølgjen av sak nr 23 og 24 vart bytt om av praktiske grunnar.

Innkalling og sakliste med desse tillegga vart samrøystes godkjend

Godkjenning av protokoll frå møte 09.09.2020.

Protokoll frå møte 09.09.2020 vart samrøystes godkjend.

Orienteringssaker:

1. Møtereferat frå møte i Fellesrådet. (vedlegg til innkallinga)
2. Medarbeidarfest i Stedje kyrkje onsdag 30. september kl. 19.00. Alle medlemmane i soknerådet vert oppmoda om å delta på denne medarbeidarfesten.
3. Open kyrkje Helgemesse. Ein prøver å få til å ha open kyrkje eit par timar på laurdag, og ca 1 og ein halv time før gudstenesta startar på Helgemessesøndagen 1. november. Sokneprest og diakon samarbeidet om dette.
4. Notat etter møte i arbeidsgruppe for innvandarar. (vedlegg til innkallinga). Soknerådet støttar initiativet. Det vart opplyst under møte at frivilligsentralen v/Åge Vedvik, har lager av skiutstyr m.m, og at dei kan kontakast når det evt er bruk for dette utstyret. Soknerådet ser og positivt på at det vert arrangert felles julefeiring på Stedjetunet julaftan, og ber om at diakon lagar sak på dette til neste møte i soknerådet.
5. Høstens TV-aksjon, brev frå biskopen med oppmoding om å stø opp om innsamlingsaksjonen.
6. Dugnad på Stedje kyrkjegard. Soknerådet stør opp om tiltaket og vil be om at det vert sett inn annonse i Sogn Avis. Viktig å bidra til at annonsering på facebook og andre sosiale media vert spreidd.
7. Stedjetunet. Torstad orienterte frå siste styremøtet. Må låne meir midlar. Opprette givarteneste. Omtrent alle kontora er leigde ut.

Vedtakssaker:

AU har ikkje hatt møte i forkant av dette møte, difor er sakene utan tilråding.

Sak 21/20 Kyrkjekaffi.

Det er kome spørsmål frå diakon om å starte opp att med kyrkjekaffi i Stedje kyrkje. I brevet frå diakon er det skissert opp ulike alternativ for gjennomføring av kyrkjeksffien.

Vedtak:

Soknerådet ønskjer ikkje å bidra til mogleg corona-smitte ved at det vert vanskeleg å halde 1-2 meters avstand når det er kyrkjekaffi. Vi utset kyrkjekaffi inntil vidare.

Sak 22/20 Konfirmasjonane i haust.

Det er kome spørsmål frå ungdomsprest Danbolt om nokon av soknerådsmedlemmane kan vere med og hjelpe til under desse gudstenestene: kl. 10.00 og 12.30 den 10. og den 17. oktober.

Det er behov for to kyrkjevertar og to medliturgar.

Vedtak:

Kari Torhild Kvåle kan vere kyrkjevert den 17. oktober. HelgeTorstad kan vere medliturg ein av dagane. Andre som melder seg til teneste seier frå til Helge Torstad.

Sak 24/20 1) Søknad om corona-støtte

Kyrkjekontoret hadde sendt eit notat med tilbod om å søkje coronastøtte i Sparebanken Vest for å få dekkja inn tapte inntekter for Kyrkjelydshytta. Kyrkjelydshytta har tapte inntekter på om lag 80 000 etter at hytta måtte stenge den 12. mars.

Vedtak:

Soknerådet takkar ja til at kyrkjekontoret søker om corona-støtte i Sparbanken Vest til dekking av tapte inntekter for Kyrkjelydshytta.

2) Flytting av klokkeslett for soknerådsmøta til kl 19.00

Spørsmål frå eit av medlemmane om det var mogleg å ha møtet litt tidlegare på kvelden.

Vedtak:

Vi ønskjer å halde fast ved kl 19.30 for å sikre at det ikkje vert umogleg for nokon av medlemmane å møte. Vi vurderer tidlegare møtestart dersom sakstilfanget og eventuelle bidrag frå andre under møtet krev det.

Sak 23/20 Lukka sak.

Møtet slutt klokka 21.30

Helge Torstad
Leiar soknerådet

Berit Amundsen
Sekretær soknerådet

